



Koret frå Kvinnherad skal mellom anna innom Turaida-borgen under turen til Latvia. (Foto: Ola Matti Mathisen)

"Røysterett for alle" held fram med markeringa av sine første 20 år og torsdag reiser koret til Riga i Latvia.

I Baltikum er det eit kormiljø som det knapt finst maken til nokon annan stad. Korsong har vore ein måte å markera seg på vis a vis makthavarane i dei tre baltiske landa.

Kvinnherad-koret vil ha treff og felles konsert med eit anna blandakor i ein forstad til Riga. Dei har også fått lov til å syngja i pausen under uttakinga i Valmiera til ein stor korfestival seinare i år. Endelig planlegg dei spontan-sang under eit besøk i det praktfulle barokkslottet Rundales Pils.

Naturleg nok er eit besøk i den namngjetne Riga-operaen også innpassa i programmet. Der skal kvinnheringane sjå "Den flyvende hollender" av Wagner. Koret kjem att på måndag.



"Røysterett for alle" hadde stor suksess under Husnes-konserten for få veker sidan. No kjem trinn to i jubileumsmarkeringa – ein tur til Latvia. (Foto: Ola Matti Mathisen)